

Kyrkjeblad for Lom

Nr. 1 2023

Boverdalen - Lom - Garmo

82. årgang

Informasjon frå Lom kyrkjekommune.

LOM KYRKJEKOMMUNE

Kontortid kvardagar 10:00-14:00
Besøksadresse: 3. etg. Midtgard
Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom

Leiar Lom kyrkjelege råd
Bente Sulheim Ovesen, tlf. 979 77 213
bente@ovesenpost.no

Sokneprest
Hans J. Sagrusten, tlf. 404 94 871
hans.johan.sagrusten@lom.kommune.no

Kyrkjeverje
Anne Kristin Stenersen, tlf 481 65 527
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

Kyrkjelydssekretær
Guri Husom, tlf. 481 65 528
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

Kyrkjetenar
Jonas Fjeld
Odd Gunnar Bergli
Tlf. 400 62 194
jonas.fjeld@lom.kommune.no
odd.gunnar.bergli@lom.kommune.no

Organist
Reidar Svare, tlf 900 32 601
reidar.svare@lom.kommune.no

Trusopplærar
Endre Skjåk, tlf. 901 35 738
Endre.skjak@skjaak.kommune.no

Omvisartenesta
Tlf. 970 75 397
Booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

Kyrkjebladet
Konto: 2085 07 11772 (merk "kyrkjeblad")
Bladpengar pr. år:
Innanbygds: 150,-
Utanbygds: 250,-
Utanlands: 250,-

Redaksjonsgruppe
Anne Sulheim, Runa Smedsmo, soknepresten,
kyrkjelydssekretæren og kyrkjeverja

Utforming/sideoppsett
Rønnaug Nyernes og Guri Husom

Trykk
Dale-Gudbrands Trykkeri as
Tlf. 61 27 73 50 Lasse@dg-trykk.no



HÅP
I ein droppe vatn

FASTEAKSJONEN 26.-28. MARS 2023

Eit håp kan byrje med ein droppe vatn og gje ei framtid utan svolt, fattigdom, sjukdom og konflikt. Ver med i årets fasteaksjon og gjer ein forskjell for dei som treng det aller mest. Støtta frå deg reddar liv.

Vipps til 2426
www.fasteaksjonen.no


Konfirmasjon

Av: Anne Sulheim

«'N Gamel-Lars ha eit godt hugu, men 'n var husmeinnsson og sto langt ne på kjørkjegolve. Prosten spurde nr. 1 og sia heile rekkje nete kå Jesus åtte. Det va ingen som svårå før 'n kom åt 'om Lars.

– Ræverne have huler og himmelens fugler have reder, men menneskesønnen haver ikke en sten han kan helde sit hoved til.

– Det er riktig, min sønn, sa prosten og leidde 'n Lars fram åt 3. plasse. Lenger kunn det ikkje bli, mata, men 'n Lars va nok mykjy bære hell døm framafor seg.»



Konfirmasjon

Tyder stadfesting

Før: Konfirmanten stadfesta dåpsløftet og gav presten handa si på det.
Etter konfirmasjonen kunne dei ta imot nattverd.

No: Velsigning av og forbøn for konfirmanten. Minner om det som skjedde ved dåpen og at dei er del av kyrkjelyden. Overhøring er erstatta av samtale.

«Standsskilnaden i det gamle samfunnet var stor. Særleg synte han seg ved konfirmasjonen. Gutane og jentene sto etter rang og kunnskapar på kyrkjegolv. Og for betaling kunne presten setja ein konfirmant langt fram om det var så som så med kunnskapen. Dei fattige som i tillegg hadde små evner, vart ståande nedst. Kunnskapen kunne bryte rangordninga som fylgde velstand og status, men berre til ein viss grad.»¹ Ei som var konfirmert tidleg på 1900-talet, fortel: «Lensmannsdottera stod fremst og så kom dei frå dei store gardane.»²


Reformasjonen



Like etter at Luthers lære var innført her i landet i 1536, vart det bestemt at ingen kunne få komme til nattverd før dei hadde lært si katekisme og var over 12 år. Luthers vesle katekisme stod heilt sentralt. Prestane skulle bruke den siste halvtimen på preikestolen til å lese frå katekisma og forklare den. Dei skulle dessutan «nogle søndage om Aaret ... Offuerhøre Ungdommen obenbare for Menigheden.» Presten i Lom, Hans Frisach, skreiv i 1731 i brev til biskopen: «Chatechization holdes her stedtze fra Paasche til St. Michelsdag [29. sept.] hver Søndag i Kirken efter Prædiken.» Han skreiv vidare at han: «efter foregaaende tillysning forsamler ungdommen paa en vis gaard ... og der overhører dem.»³ Klokkaren hjelpte presten med opplæringa av ungdommen. Han var den fyrste læraren i bygda.

Når biskopen var på visitas, overhørte han ungdommen. I 1620 skreiv biskop Nils Glostrup dette etter eit besøk i Lom: «Ungdomen hadde her berre gjort middelmådig framgang, da presten leid av ein nesten dødeleg sjukdom.» Ved visitasen fire år seinare såg han framgang: «Her var få til stades, men nesten alle var godt undervist, og dei sytes å bruke modne åndsevner på å forklare Luther.»⁴

Innføring av konfirmasjonen 1736



To hundre år etter reformasjonen vart konfirmasjonen innført, - og den var tvungen! (Slik var det fram til 1912.) Konfirmasjonen gjekk ut på overhøring i katekismekunnskap og velsigning. I 1737 kom læreboka «Sandhed til Gudfryktighed». Ho var skriven av hoffprest, Erik Pontoppidan, og bestod av 579 spørsmål og svar. Mang ein ungdom har pugga denne boka og lærte seg mykje utanåt.

Alt i 1737 vart dei fyrste confirmerte her i Lom. I kyrkjeboka står det: «Confirmerede udi deres Daabes

Naade». Det er notert 8 gutar og 6 jenter frå Lom og Skjåk det året. Konfirmasjonen har markert ei viktig statusendring, - dei var no vaksne! Dei kunne kle seg som vaksne og ta seg arbeid. Dessutan var det berre dei confirmerte som kunne gifte seg.

Ved innføringa av konfirmasjon, såg ein behovet for at dei unge skulle kunne lese katekisma, enkle bibeltekstar, salmar m.m. Like etter kom forordninga om allmugeskular på landet. Her vart det bestemt at det skulle vera fire skulekrinsar med omgangsskule i det området som i dag utgjer Lom og Skjåk. Største utfordringa var å få tak i lærarar.

Konfirmasjonen på 1800-talet

Nokre av prestane har notert ned ein del av det dei gjorde i embetet sitt i dagsregisteret i kyrkjeboka. Presten Heyerdahl skriv på slutten av 1830-talet m.a. om innskriving av confirmantar, som var ved påsketider. Det ser ut for at alle confirmantane frå det som i dag er Lom kommune, kom til Lomskyrkja eller prestgarden til innskrivinga. Nokre dagar seinare var det innskriving i Skjåk. Dette var før Skjåk vart eigen kommune. Nesten kvar veke frå innskrivinga om våren til konfirmasjonen om hausten har presten notert: «Undervist Konfirmanderne». Men fleire detaljar kjem ikkje fram. Sjølve konfirmasjonen var som oftast i oktober. Det var konfirmasjon to sundagar, både i Lomskyrkja og i «Skiager anexkirke».

Lang veg til presten

Ein del av confirmantane hadde lang veg når dei skulle til presten. Det tok si tid frå øvst i Leirdalen eller frå Kvandalsvold. Men også andre hadde lang veg. Vi kjenner til at på slutten av 1800-talet vart confirmantane frå heile kommunen samla i drengestugu i prestgarden. Ein fortalde det slik: «Om våren, medan det enno var kaldt, samlast confirmantane i den gamle prestegarden. Det var i eit svært stort og luftig rom med mange glasruter i blygrinder. Sitjeplassane var mange rader av lange benkar. Halvparten av desse var for gutane, og på den andre sid rett mot gutane, sat jentene. ... Så tok namneopporet til. Borna var så redde at dei svara «ja» med skjelvande mæle.»⁵

Da Børresen vart prest her (1903- 1921), begynte han med confirmantundervisning i grendene. Det vart òg konfirmasjon i Garmo og Bøverdalen i tillegg til Lomskyrkja.

Overhøring

Før i tida var overhøringa noko dei fleste kvidde seg til. Dei visste ikkje kva presten ville spørje om. Alle fekk spørsmål dei skulle svare på, og overhøringa tok lang tid. Ei fortalde at mora sa ofte til henne: «Du får lære deg såpass at du slepp fram for presten!» Det hende at nokre måtte gå oppatt. Det var sett på som stor skam. - Frå 1815 er det notert karakterar på alle confirmantane i kyrkjeboka. Her står det m.a. «meget godt», «godt» «taalelig», «svagt» og «maadelig». Det vart slutt på karakterar rundt 1900.

Klede og feiring

Det var ikkje vanleg med store konfirmasjonslag. I ei bok om «Oppvekst og opplæring i Gudbrandsdalen» fortel fleire som er fødte 1880-1920, om m.a. konfirmasjonen. Ei sa at ho ikkje fekk fri frå seterarbeidet før laurdagskvelden. Da gjekk ho heim. Men etter konfirmasjonen måtte ho attende til arbeidet på setra same dagen. Ein annan fortel om kaffelag heime. - Ein forstår at ingen hadde stor markering av dagen. Men likevel var det nok ein forskjell på dei større gardane og småplassane.

Gåver til konfirmanten var ikkje vanleg. Men dei fleste fekk nok nye klede. Kleda var som oftast heimesydde. Skilnaden på folk synte seg nok også når det galt konfirmasjonsklede. På 1800-talet hende det at konfirmantar måtte låne både sko og klede. Smidt, som var prest her (1922-1936), ivra for at jentene skulle ta i bruk rondastakken att. Det lykkast han med!



Konfirmantar i Lom i 1974.

Kjelder:

¹ «Garmo kyrkje og sokn». Garmo sokneråd 1979:149

² Mange av sitata er henta frå: Røger, Hallvard. «Oppvekst og opplæring i Gudbrandsdalen», Gudbrandsdal Lærarlag 1991

³ Kvaale, Torodd. «Litt skulesoge frå Lom» 1979: 15

⁴ Kvaale, Torodd. «Litt skulesoge frå Lom» 1979: 7

⁵ «Bøverdalen kyrkje 100 år 1964» Bøverdalen sokneråd 1964:58

Trusopplæringa

Hekta

Etter to år med avlyst konfirmantleir, grunna korona, sette vi nasen mot Lillehammer fredag 10. februar. Våre 16 konfirmantar reiste saman med Skjåk sine konfirmantar og vaksne, med Hans J. Sagrusten og Endre Skjåk som vaksne frå oss. Denne leiren er basert mykje på friviljugheit, difor må vi sjølve stille med nattevakter. Tusen takk til Magnhild og Arne Bjørgen som stilte frå Lom, og delte ansvaret med foreldre frå Skjåk. Heldige er vi som kan samarbeide med nabosokna våre om dette ansvaret.

Fredag kveld var det opningsshow i Lysgårdsbakken, med tenning av OL-ilden.



Frå opningsseremonien.



Ilden er tent.

Konfirmantane får sjølv bestemme kva for aktivitetar dei ynskjer å ta del i på dagtid laurdag og sundag. Dei kan velje mellom alpin i Hafjell, bobkøyring i bob og akebanen på Hunderfossen, fartsfylte aktivitetar i Lysgårdsbakken, skitur på Nordseter og fleire aktivitetar inne i hallen. På eftasida laurdag var det "Ugandamarked", til inntekt for eit hjelpeprosjekt som Hekta har i Uganda. Konfirmantane må vera kreative å lage aktivitetar for å samle inn pengar.

Elles er det samlingar med underhaldning frå scena både fredag, laurdag. Sundag morgon er det gudsteneste der prestar frå fleire sokn stiller friviljugt. Før heimreise er det avslutningsshow frå scena.



Kors i bakken.



Ugandamarknad.



Samling på scena.

Konfirmantar i Lom kyrkjekommune 2023

Lom 20. mai kl. 12:00


Helene Sveen Aukrust
Ragna Aurmo
Aurora Dagsgard-Marstein
Torbjørn Moen Helland
Anne Aaboen Kolden
Lisa Starheimsvik Skjåkødegård
Sander Teigen Skaansar
Sigrid Strind
Aslaug Vestad
Linda Vole
Mina Øyen

Garmo 27. mai

Iver Bjørgen
Johanne Langøygard
Per Runningen
Pål Runningen

Bøverdalen 03. juni kl. 12:00

Oliver Haugen
Edrikka Mundhjeld
Sylfest Rusten Stee
Linnea Stenersen
Ingeborg Sulheim
Johan Lien Svestad



Bildeglimt frå jula 2022



Pynting av Lomskyrkja.



Juleevangeliet.



Skulemesse.



Krybbe.

Velkommen – biskop Ole Kristian Bonden!

– Eg vil arbeide for kyrkjer og fellesskap som er opne, og der folk kan føle seg frie å oppleve at dei høyrer til.

Det sa biskop Ole Kristian Bonden i takketala si til dei frammøtte etter at han vart vigsla som biskop i Hamar domkyrkje 29. januar 2023.

Innsettinga av Bonden skjedde i ei høgtideleg gudsteneste med fullsett domkyrkje, der H.M. Kong Harald deltok. Det gjorde også representantar frå Storting, Regjering og rettsvesen saman med inviterte gjester og folk flest.

Biskopen våre er oppteken av ei raus og open folkekyrkje der alle kan kjenne seg heime. – *Vi skal bygge på dei gode tradisjonane vi har, der mange menneske, både tilsette og frivillige, gjer ein innsats for kyrkja si kvar dag*, seier han.

Han ynskjer også at kyrkja skal bidra til håp i ei verd prega av krig. – Eg trur kyrkja betyr mykje for folk, og det er mange utfordringar vi slit med både på det personlege plan, men også i verda i dag. Da treng vi ein stad å ta vare på draumane våre om håp, om at det umoglege kanskje kan skje, at vi saman arbeider for både håp og kjærleik, seier han.

Han trekker fram dei to forgjengarane sine, Rosemarie Köhn og Solveig Fiske, som førebilete og store inspiratorar. Dei var tydelege på at «inga tru er for lita» og at «Gud gjer ikkje forskjell på folk». Dette er verdiar han sjølv ønsker å vidareføre.

Vigslingsgudstenesta ga eit godt bilete av dette. Her var det barnekor saman med domkoret, tekstlesing med representantar frå ungdomsråd, samisk utval, det nordiske bispekollegiet, og dans som ein del av seremonien. Ole Kristian Bonden vil ha gudstenester der fleire kan kjenne att livet.

– Dans er ei uttrykksform som kan formidle kjensler, stemningar og budskap som ikkje alltid ord kan gjere, seier han.


Han tek nå fatt på utfordringar og moglegheiter med å leie kyrkja i Hamar bispedømme framover:

– Som biskop i Hamar skal eg gå saman med dykk og bere korset som Kristi merke, som kyrkjias teikn i verda, som ei påminning om at ingen går einsleg. Eg vil arbeide for kyrkjer og fellesskap der vi kan finne openheit, fridom og tilhøyrslse.

«Eg vil gå inn i gjerninga, med den nåde Gud vil gje meg.»



Handpålegging. Foto: Alf Simensen, NTB



Sina Holø Husom.
Foto: Skjermdump av
direktesendinga frå Hamar
bispedømme si livesending.



H.M. Kong Harald og biskop Ole Kristian
Bonden

Påskeandakt

Kristus er her, fordi vi er her!

Kvinnene fann grava tom. Dei fann ikkje kroppen til Jesus, står det. Kor var han egentleg, den oppstadne? Det funderte dei også på, kvinnene ved grava.

Det skjedde noko. To framande spør: «Kvifor leiter de etter den levande mellom dei døde?»

Spørsmålet må ha vekt noko i dei. «Da hugsa dei orda hans», står det. Det minna dei om det Jesus hadde sagt før han døydde. Ja, dei hugsa ikkje berre orda hans. Orda sette dei i rørsle. Dei gjekk, dei sprang og dei fortalde det til alle dei andre.



Foto: Alf Simensen, NTB


Underwegs møtte dei han også, den oppstadne Jesus Kristus. Dei kjende han ikkje att med det same. Hadde vanskeleg for å tru at det kunne vere han. Men han syntte seg for dei på vegen. Når han snakka med dei, og gjekk saman med dei eit stykke. Når han delte brød og vin ved bordet. Når han ropa oppmuntrande til dei på ein dårleg arbeidsdag etter timar med slit på sjøen, utan ein einaste fisk i garnet. Det var hendingar kor dei kjende han att. Kjende att Guds kjærleik og nåde i det kvardagslege livet. Kor Jesus plutselig var midt iblant dei, fysisk, konkret, som eit anna medmenneske. Som gav tru, håp og kjærleik i dei og blant dei og gjennom dei. Ja, som sette dei i rørsle til andre.

Tru på oppstoda sett menneske i rørsle. Fyrst kvinnene ved grava. Så dei andre disiplane. Deretter kyrkja og menneska over heile verda. Tru på oppstoda er drivkraft til liv. Ho er heilt grunnleggande ikkje berre i livet til kyrkja, men i livet til verda.

Tru på oppstoda vart til rørsle, og rørsle vart til ei kyrkje – og til liv for mange. Å ja, kyrkja kunne trø feil, gjere menneske urett, svikte Gud. Men ho ber også tru til trøyst, håp og handling. Som ubrote rører seg utover, til utkanten. Til verda.

Jesus er ikkje i grava. Han har stått opp. Han er her, fordi vi er her.

Ole Kristian Bonden



Lam på bispekåpe.
Foto: Kirsti Hovde

Markering av samefolkets dag



Frøydis Öfeldt Marstein og Rita Laakso i flotte samekofter saman med Hans J. Sagrusten.

Vi markerte feiringa av samefolkets dag på kveldsmesse i Lom kyrkjelydhus den 5. februar. Leiar av Mjøsa og Omegn Sameforeining Rita Helmi Toivosdatter Laakso deltok med tekstlesing på nordsamisk. Soknepresten hadde sjølv lært seg velsigningsorda på samisk, og i preika fortalde han om samisk bibeloversetjing frå 1700-talet og fram til i dag. Prestane Thomas von Westen, Nils Vibe Stockfleth, Jens Friis og Lars Hætta medverka til at samane fekk bibel på nordsamisk i 1895. Men det var ikkje før i 2019 at fornyinga av den eldste bibelen vart utgjeve i meir moderne språkdrakt.

Buessivdnádus

Hearrá buessivdnidivččii du ja várjalivččii du.

Hearrá čuvgešii muođuidis dutnje ja livččii dutnje árbmugas.

Hearrá jorgalivččii čalmmiidis du ala ja attášii dutnje ráfi.

“Herren velsigne deg og vare deg!

Herren la sitt andlet lyse over deg og vere deg nådig!

Herren lyfte sitt andlet mot deg og gje deg fred!”

Juletreffest



Garmo Sokneråd arrangerte juletreffest i Garmo Bygdahus 4. dag jul.

Det var underhaldning med fin song og musikk, framføring av juleevangeliet, samt utlodding og bygdahuset selde kaffe og kaker. Oss gjekk rundt juletreet, og jammen kom nissen med gåver òg.

Stor takk til dykk alle som medverka og for gevinstar og gåver vi fekk.

Juletreffesten er ein tradisjon som har vore halde i Bøverdalen, men som denne gongen var i Garmo, og skal i framtida rullere mellom sokna.

Vi vil med dette få takke for godt frammøte og hyggeleg samvær.

Helsing frå oss i Garmo Sokneråd.

Endring i organisering av konfirmantjubileum

Ting i samfunnet er i stadig endring, slik er det og med konfirmantjubileet.

Det har iblant vore vanskeleg å få med seg folk i komiteen til å gjennomføre jubileet, og deltakartalet går stadig nedover. Frå dette året prøver vi med ei lita endring.

Slik jubileet har vore fram til nå, er at 50, 60, 70 og 80 års jublantane har samlast laurdagskvelden på ein av kafeane i Lom, for eit godt måltid og mimring utover kvelden. Sundagen har det vore messe i ei av kyrkjene våre, med påfølgande kyrkjekaffe. Det har vore sett saman ein komité som har bidrege med å planlegge innhaldet laurdagskvelden.


Frå dette året ynskjer vi at dei jubileumskonfirmantane som ynskjer å vera med i ein slik komité, tek kontakt med kyrkjekontoret på e-post: kyrkjekontoret@lom.kommune.no eller telefon: 481 65 528.

Vi på kyrkjekontoret bidreg med alle namnelister og adresser, og sender ut invitasjonane til jublantane. Om ingen melder seg, vert det ikkje nokon samling laurdagskvelden, berre markering i kyrkja sundagen, med kyrkjekaffe etter messa.

Konfirmantjubileet 2023 er sett til søndag 17. september klokka 11:00 i Lomskyrkja.

Dugnader

	Rakedugnad	Plantedugnad
Lom	2. mai kl. 18-20	5. juni kl. 12-19
Garmo	4. mai kl. 18-20	7. juni kl. 14-18
Bøverdal	8. mai kl. 18-20	8. juni kl. 14-18



Vi minner om at det er den enkelte festar sitt ansvar, at det vert planta på grava dei har festa. Det er ikkje Lom kyrkjelege råd eller dei tilsette som innehar dette ansvaret.

Ta med rive på rakedugnadane. Vel møtt!

Val 2023

Ver med og bestem kven som skal styre kyrkje lokalt

Det skal vera val til Lom kyrkjelege råd for ei ny fireårsperiode. Valet finn stad i samband med kommunevalet i Lom, Garmo og Bøverdalen den 10. og 11. september.

Kyrkerådet er representant for sokna Lom, Bøverdalen og Garmo. Rådet har ansvar for administrative og økonomiske oppgåver, vedlikehald og drift av kyrkjebygga og kyrkjegardane, og er arbeidsgjevar for dei tilsette i kyrkja.

Valstyret i Lom kyrkjelege råd legg med dette fram nominasjonslista:

Nominasjonsliste Bøverdalen sokn:	Nominasjonsliste Lom sokn:	Nominasjonsliste Garmo sokn:
Ragnhild Aamot Kveen, f. 1951	Per Morten Mork, f. 1967	Kari Langøygard, f. 1946
Lars Liulf Stee, f. 1969	Mariann Helstad, f. 1967	Jon Kleiven, f. 1962
Olav Dagfinn Kvålshagen, f. 1957	Bente Sulheim Ovesen, f.1951	Kari Hesthagen, f. 1964
Oluf Kvålshagen, f. 1954	Runa Smedsmo, f. 1976	Terje Odde, f. 1955
Bente Flaten, f. 1970	Ole Ivar Kolden, f. 1979	Gro Anita Byrøygard, f.1972
Mina Rigmor Marstein, f. 1962	Kristin Mundhjeld, f. 1975	Liv Hege Kleiven, f. 1990
Arnstein Rusten, f. 1953	Oddveig Moen, f. 1965	Gunn Synnøve Horten Byre, f.1963
	Torill Vole f. 1958	

I tidsrommet 2-15. mai blir det høve til å kome med supplerande nominasjon for den som ynskjer det. Vi vil kunngjere dette på nettsidene våre i dette tidsrommet, men ta gjerne kontakt med kyrjekontoret telefon 48 16 55 27.

Kunngjering om førehandstemming og meir om valet vil kome i neste kyrkjeblad i juni.

Du kan lese meir om kyrkjevalet her: www.kirken.no\kirkevalget

Kyrkjevalet 2023

vil du ha eit godt råd?

Still til soknerådsval. Kyrkjevalet.no

DEN NORSKE EYREJA

The poster features a man and a woman's faces, with the man's face partially obscured by a red bar. The background is orange.

Offer 2022

16.01.2022	Lom kyrkjelydshus	Konfirmantarbeidet	50
23.01.2022	Bøverdalen	Blomefondet	750
	Garmo	"	500
30.01.2022	Lom	Bibelselskapet	850
20.02.2022	Garmo kyrkje	Familievernkontoret	720
27.02.2022	Bøverdalen	Flykningehjelpe	1390
	Lom kyrkjelydshus	"	950
13.03.2022	Lom	Redd Barna	1350
20.03.2022	Bøverdalen	Sandomstiftinga	320
	Garmo	"	550
27.03.2022	Lom	Kyrkjelydshuset i Lom	318
Påska	Lom-Bøverdalen-Garmo	Fasteaksjon (Kirkens Nødhjelp)	890
17.04.2022	Lom	Kirkens SOS	550
17.05.2022	Lom	Redd Barna	1950
	Garmo	"	1833
21.05.2022	Lom	Konfirmantarbeidet	1590
22.05.2022	Bøverdalen	Eige arbeid?	150
28.05.2022	Garmo	Konfirmantarbeidet	496
04.06.2022	Bøverdalen	Konfirmantarbeidet	1440
05.06.2022	Lom	Blå Kors	840
26.06.2022	Garmo	Sjømannskyrkja	300
03.07.2022	Bøverdalen	Kyrkjebladet	400
10.07.2022	Lom	Frelsesarmeen	0
29.07.2022	Lom	Kirkens Nødhjelp	1791
21.08.2022	Lom	Sjømannskyrkja	360
04.09.2022	Lom	Kyrkjebladet	547
18.09.2022	Bøverdalen	Konfirmantarbeidet	1671
	Garmo	"	875
02.10.2022	Lom	Redd Barna	1060
16.10.2022	Bøverdalen	Tv-aksjon	2912
	Lom	"	917
30.10.2022	Lom	Kyrkjelydshuset i Lom	1215
	Garmo	"	875
20.11.2022	Bøverdalen	Frelsesarmeen	975
27.11.2022	Lom	Familievernkontoret	810
	Garmo	"	819
04.12.2022	Bøverdalen	Trusopplæringa	865
18.12.2022	Lom	Lomsklangen	2528
24.12.2022	Lom	Kirkens Bymisjon	7269
25.12.2022	Bøverdalen	Kirkens SOS	775
	Garmo	"	894

Heim og ætt

Jordfesta:

Lom:

24.11 Olav Sveine f. 1958
25.11 Stein Turtum f. 1962
17.01 Hallvard Erik Holm f. 1944
17.02 Aase Haugen f. 1935
24.02 Håvard Øygard f. 1944
28.02 Rønnaug Husom f. 1946



Garmo:

09.12 Arne Fredriksen f. 1941
03.01 Odd Teigen f. 1947
27.01 Anna Runningen f. 1945

Bøverdalen:

21.02 Oddlaug Akslen f. 1937

Om kyrkjebladet

Kyrkjeblad for Lom vert sendt ut til alle husstandar i kyrkjekommunen. Bladet kjem ut med 4 nummer i året. Ein gong i året vil de finna giro vedlagt for bladpengar, og vi oppmodar alle heimar om å støtte Kyrkjebladet for Bøverdalen, Lom og Garmo.

Vi ynskjer å seie tusen takk til kvar einskild som støttar bladet!

Vi set og stor pris på at mange utanbygdes buande abonnerer på bladet. Dette året har vi hatt nær 30 adresser på abonnentlista, og vi tek gjerne imot fleire. Kanskje eit gåvetips? Abonnementinformasjon står under kontaktinformasjonen vår på side to. Hugs berre å skrive namnet til den som abonnerer ved innbetaling. Ofte står det berre kontonummeret, og da har vi ikkje høve til å finne ut kven som har betalt, og får ikkje sendt ut bladet.

Det er fleire som har kome med attendemelding om at dei ikkje får kyrkjebladet i postkassa. Vi har varsla distributøren av bladet, og håpar dette rettar seg.

Blomefondet

Gåver til Blomefondet utanom gravferder:

- Konto 2085. 29.66107
- Vipps - 533520

Gåver til Blomefondet ved gravferder:

- NB! Det er svært viktig at du brukar vippsnummer og kontonummer som står i dødsannonsene, viss ikkje kan namnet ditt havne på feil gåveliste.

Du treng ikkje skrive kven som gjev gåva. Vi ser namnet på innbetalinga

MEN! Dersom du gjev gåve frå fleire, eller andre enn deg sjølv, skriv namna i merknadsfeltet.

Listene vil bli lagt ut i banken som tidlegare, men det er viktig at du overfører pengegåva di innan klokka 11.00 gravferdsdagen slik at du kjem med på lista til dei etterlatte.

The Vipps logo, consisting of the word "vipps" in a stylized, rounded font with a smiley face integrated into the letter 'i'.

Lom kyrkjekommune på Vipps:

Ofring ved messer: 132954
Blomefondet: 533520

GUDSTENESTEPLAN

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i Lom kyrkjekommune, er det som regel messe i Skjåk kyrkjekommune – og omvendt. Sjå meir informasjon under messeplanen. **Barnedåp let seg gjere på dei fleste messene våre.**

Sundag 02. april. Palmesundag

KROSSBU TURISTHYTTE kl. 17:00.

Merk tidspunkt!

Torsdag 06. april. Skjærtorsdag

BØVERDAL KYRKJE kl. 19:00.

Fredag 07. april. Langfredag

GARMO KYRKJE kl. 11:00.

Laurdag 08. april. Påskeaftan

LOM KYRKJE kl. 23:00. Fellesmesse.

Sundag 09. april. 1.påskedag

LOM KYRKJE kl. 11:00. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Sundag 23. april.

BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00. Offer til Trusopplæringa.

GARMO KYRKJE kl. 19:00. Offer til

Trusopplæringa.

Sundag 14. mai.

LOM KYRKJE kl. 11:00. Samtalemesse. Offer til Kyrkjebladet.

Onsdag 17. mai. Grunnlovsdag

LOM KYRKJE Tidspunkt kjem i annonsen vår i Fjuken, og på heimesida. Offer til Redd Barna.

Torsdag 18. mai. Kristi Himmelfartsdag

GARMO KYRKJE kl. 11:00. Offer til

Sandomstiftinga.

Laurdag 20. mai.

LOM KYRKJE kl. 12:00. Konfirmasjonsmesse. Offer til konfirmantarbeidet.

Sundag 21. mai.

BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00.

Laurdag 27. mai.

GARMO KYRKJE kl. 12:00. Konfirmasjonsmesse. Offer til konfirmantarbeidet.

Sundag 28. mai. 1. pinsedag

LOM KYRKJE kl. 11:00.

Laurdag 03. juni.

BØVERDAL KYRKJE kl. 12:00.

Konfirmasjonsmesse. Offer til konfirmantarbeidet

Sundag 11. juni.

GARMO GAMLE KYRKJEGARD kl. 11:00.

Sundag 18. juni.

BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00. Offer til Blomefondet

Sundag 25. juni.

LOM KYRKJE kl. 10:00. Messe i samband med landskappleiken. Offer til kyrkjebladet. Merk tidspunktet!

Atterhald om endringar i gudstenesteplanen: Sjå fast annonse i Fjuken, i kalenderen hjå www.lom.kommune.no, på vår heimeside: <http://www.lom.kommune.no/kyrkja.no> - eller fylg oss på Facebook: Lom Kyrkjekommune.

Lom kommune informerer

Lomsnytt

nr.1 2023

Naudvarsel på mobil

Naudvarsel skal brukast til å varsle om akutte og alvorlege hendingar som truar liv og helse. Eit naudvarsel inneheld informasjon om kva som skjer, og kva du må gjere for å beskytte deg sjølv. Naudvarsel er ei teneste frå norske myndigheter. Det er politi og Siviltforsvaret som avgjer kva for område som skal varslast og som sender ut sjølve varselet.

Dette skjer når du får eit naudvarsel:

Telefonen vibrerer og spel av ein høg sireneaktig lyd. På skjermen kjem det opp ei stutt tekst som fortel deg kva som skjer og kva du bør gjere. Om telefonen din støttar tekst til tale kan du få meldinga lese opp. Når du mottek eit naudvarsel, skal du stoppe opp, lese eller lytte til varselet, og følgje rådet.

Når skal Naudvarsel brukast?

Den første tida etter lansering kan naudvarsel brukast til å varsle om akutte og alvorlege hendingar som gjeld store delar av landet. Det kan vere hendingar med radioaktivt utslipp, alvorleg terror eller andre ulykkes- og katastrofesituasjonar, der befolkninga må varslast raskt.

Etter kvart skal naudvarsel rullast ut for bruk ved akutte og alvorlege hendingar lokalt og regionalt.

Systemet skal også testast av og til. Du kan sjå planlagte datoar for testing på nodvarsel.no.

Befolkningsvarsling og informasjon

Naudvarsel på mobil er eit tillegg til dei kanalane som allerede brukast for å varsle befolkninga. I Norge har vi lenge hatt befolkningsvarsling via tyfonar, som med høg lyd gir signal om at du må oppsøkje informasjon. I ei alvorleg hending vil viktig informasjon bli delt i mange kanalar, som for eksempel på radio, tv, nettavisar, myndighetene sine egne nettsider og på sosiale media.

Les meir om naudvarsel på nettsida nodvarsel.no.



Nordljøs i Lom 27.02.2023, sett frå Øverrend. Begge foto: Anniken Stec.

Lom kommune informerer

Lom og Skjåk helsestasjon

Frå 01.01.23 gjekk Lom og Skjåk Helsestasjon saman til ei felles teneste, der Skjåk er vertskommune. Det er kontor og bemanning i både Lom og Skjåk.

Den nye helsestasjonstenesta er under utarbeiding. Vi har nå laga struktur for korleis tenesta kjem til å sjå ut. Vi er spente på korleis du opplev det, og om det vil fungere slik vi ser for oss. Derfor er det viktig at vi får attendemelding frå deg som brukar - både negativt og positivt.

Lom og Skjåk helsestasjon er delt inn i tre ulike team med følgende ansvarsområde:

- Svangerskap, kvinnehelse, foreldrerettlegg
- 0-5 år, flyktningar, smittevern, vaksining, reisevaksining, foreldrerettlegg
- Skule - HFU - digitale plattformer - foreldrerettlegg

Ta kontakt med oss:

Ansvarsområde		Telefon
Eldri Engdal	Svangerskap/kvinnehelse	952 71 959
Ellen Olasven	Svangerskap/kvinnehelse	952 71 959
Liv Marie Øyjordet (Lom)	0-5 år – vaksining – reisevaksining - flyktningar - foreldrerettlegg	976 67 747
Aud Jotun (Skjåk)	0-5 år – vaksining – reisevaksining - flyktningar - foreldrerettlegg	908 48 548
Rannveig Brennhaug	Skulehelsestena	901 21 177
Stine Brenna	Skulehelsestena	976 67 746
Ingrun Krøkje (ut skuleåret)	Skulehelsestena	901 21 177
Aud Marit Sveinhaug Marstein	Skulehelsestena	Oppstart i slutten av mars
Sigrid Grande	Vidaregåande skule	482 54 358
Eli Skjåk Teigum	Leiar helse- Leiar helsehjelpelar/teneste-	902 41 735

Møteplass for meistring

Møteplass for meistring er eit kursutbod for deg som har fått demens før 65-årsalder og din næraste pårørande, fortrinnsvis ektefelle/partnar.

Tid: 7.-9. juni 2023 (frå onsdag føremiddag til fredag etter lunsj)
Stad: Honne Hotell og konferansesenter, Biri.
Påmeldingsfrist: 15. mai 2023

Les meir om kurset og meld deg på ved å gå til følgende nettside: www.aldringoghelse.no

Lom kommune informerer



Har di bedrift behov for meir arbeidshjelp?

Lom kommune har nå bussett 24 ukrainske flyktningar i 2022/2023 og fleire skal det bli.

Flyktningane har starta dei nye livane sine i Lom. Dei vaksne går på skule eller er i språkpraksis for å lære seg norsk, borna går på skule, på fritidsaktivitetar og i barnehage. Mange ynskjer å bli her i Lom, her er det godt å vera.

For å bli her i Lom så treng dei arbeid. Viss du ynskjer ein flyktning i språkpraksis på din arbeidsplass - ta kontakt med flyktningtenesta. Lom kommune betalar løna til flyktningane når dei er i språkpraksis. Du treng betre å prate med dei og sørge for at dei løyser arbeidsoppgåver i lag med nokon. Kanskje dei viser seg så gode at du vil gje dei arbeid etterpå?

Lom har flyktningar med spennande bakgrunn som: økonomar, banktilsette, geologar, målarar, dyrepleiarar, anleggsgartnarar, reinhaldarar, administrasjonsmedarbeidarar, møbelbyggjarar, barnehagepersonell, michelin-sjernekokkar og osteproducentar.

Ta kontakt om du ynskjer å ha med ein av desse fantastiske ressursane i di bedrift!

Flyktningtenesta

v/ Lone L. Thoresen, Gro Holø og Olive Gauksstad

Kontaktinformasjon

- Lone: lone.l.thoresen@lom.kommune.no
- Gro: gro.holo@lom.kommune.no
- Olive: olive.gauksstad@lom.kommune.no

Opningstider i påska (3. april-10. april)

Lom legekontor		Serviceborg/sentralbord	
Måndag 03.04.	08:00-15:00	Måndag 03.04.	10:00-14:00
Tysdag 04.04.	08:00-15:00	Tysdag 04.04.	10:00-14:00
Onsdag 05.04.	08:00-12:00	Onsdag 05.04.	10:00-12:00
Torsdag 06.04.	Stengt	Torsdag 06.04.	Stengt
Fredag 07.04.	Stengt	Fredag 07.04.	Stengt
Måndag 10.04.	Stengt	Måndag 10.04.	Stengt

Utanom opningstid ring legevakt tlf. 116 117.

Lom kommune informerer

Lomsnytt

nr.1 2023

Meitrope bibliotek

Torsdag 16. mars vart det opna for tilgang til meitrope bibliotek på Lom folkebibliotek. Dette er eit tilbod til alle som er 18 år eller eldre. Dei som ynskjer, kan inngå kontrakt som gjev tilgang til meitrope bibliotek. Da kan dei bruke biblioteket kvar dag heile året mellom 07.00 og 22.00.

Meitrope bibliotek er eit tilbod til dei som ynskjer tilgang til biblioteket utanom den ordinære opningstida. Lånkortet ditt fungerer som nøkkel til døra. Du loggar deg inn ved inngangen med lånekort og pinkode. Lånarar ved biblioteket i Lom er lite vande til å bruke lånekort når dei er på biblioteket. Alle har fått lånekort ein gong, men vi deler ut nye til dei som ikkje finn att kortet sitt.

I meitropeida kan du nytte deg av dei fleste tilboda på biblioteket. Du kan låne og levere bøker og anna materiale på utlånsautomaten, lesa aviser og tidsskrift, på papir eller elektronisk. Du lesa bøker eller leike med ungene i barnavdelinga, spela brettspel, jobbe eller studere. Du har også høve til å kjøpe deg kaffi eller andre drikkerevarer frå kaffiautomaten.

Barn og ungdom under 18 år må ha følge med ein forelder eller føresett for å nytte seg av meitrope bibliotek. Den vaksne har ansvar og må opphalde seg i biblioteket saman med barnet/ungdommen.

Meitrope bibliotek er basert på tillit. Biblioteket er vår felles storsug, og bokhylla er felles for alle inbyggjarane og brukarane av biblioteket. Det blir meldt om få problem med meitrope bibliotek i andre kommunar det er naturleg å samanlikne seg med, og vi trur og håpar at det vil fungerer godt her i Lom også. For tryggleiken til brukarane er det kameraovervaking i meitropeida. Det er berre i tilfelle hærverk eller kriminelle handlingar at opptak blir sjekka.

For å få tilgang til meitrope bibliotek, må du inngå kontrakt med biblioteket der du skriv deg under på at du godtek vilkåra for å bruke meitrope bibliotek. Du får også opplæring når du ordnar deg med tilgang. Personalet blir til stades i opningstida som før, og dei ordinære opningstidene blir ikkje endra som følge av tilbod om meitrope bibliotek.

Meitrope bibliotek er eit ekstratilbod som gjev inbyggjarane større eigarskap til biblioteket og til vår felles bokhylle, og er uttrykk for at biblioteket er vår felles eigedom.


Legetenesta går frå 3 til 4 fastlegeheimlar

Våren 2023 går legetenesta i Lom kommune frå 3 til 4 fastlegeheimlar. Dette vil medføre noko endring i pasientlistane til fastlegane.

Merete Byre-Haakensen har sagt opp si stilling som fastlege i Lom kommune. Alle som får ny fastlege i samband med endring i pasientlistene og tilsetning av ny lege, vil få informasjon om dette frå Helfo. Meir informasjon kjem også frå legetenesta før endringane trer i kraft.



Lom kommune
Sognefjellsvegen 6
2686 Lom
Telefon: 61 21 73 00



Telefon: 61 21 73 00
post@lom.kommune.no
lom.kommune.no

Lomsnytt

Informasjon frå Lom kommune - nr. 1 2023